



Arve Larssen  
Storneset 18 A  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1468 - 19/36338

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
05.12.2019

## Ferdigattest for utviding av eksisterande terrasse - gbnr 195/180 Leiknes

**Administrativt vedtak. Saknr: 732/19**

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søkjar:** Arve Larssen

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 29.04.2015.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.12.2019.

### Skildring

|                 |                                   |
|-----------------|-----------------------------------|
| Adresse:        | Storneset 18 A                    |
| Bygningstiltak: | Utviding av eksisterande terrasse |
| Bygd areal:     | 44 m <sup>2</sup>                 |
| Avlaup:         | Ingen endring                     |
| Vatn:           | Ingen endring                     |

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for utviding av eksisterande terrasse på gbnr 195/180.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage



Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/1468

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arve Larssen

Storneset 18 A 5915

HJELMÅS